

# Vekeplan for 3. og 4. trinn

## Veke 20

Meldingar til heimen:

Hugs utviklingssamtalar denne veka.

Måndag: Uteskule, hugs gode klede.

Onsdag: Symjing – hugs symjeklede.

Torsdag: Gymklede

Timeplan:

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.25	Norsk	Norsk	Krle		
09.55	Friminutt	Friminutt	Friminutt		
10.10	Engelsk	Digital lesestund med Maria Parr (Nynorskveka)	Symjing partalsveker Musikk oddetalsveker	FRI	FRI
11.10	Mat	Mat	Mat		
11.35	Friminutt	Friminutt	Friminutt		
11.55	Uteskule	Natur og samfunn	Matematikk		
12.55	Friminutt				
12.55	Uteskule	Skuleslutt 12.55	Skuleslutt 12.55		
14.05	Skuleslutt 14.05				



### Lekser:

Til tysdag	Til onsdag	Til torsdag	Til fredag
Salto 4B s. 120-121.	Leselekse: Arbeid 15 minutt på Aski Raski. Den vaksne skriv under i leselyft-heftet når du er ferdig.		
<b>Matematikk:</b> 4. trinn: Øv på 5 gongen. Gongeprøve på onsdag. 3. trinn: Gjer side 118 og 119 i Multi øvebok. Gongeprøve onsdag			

### Denne veka arbeider me med:

Norsk	Matematikk	Engelsk	Sosialt
Me øve på å lesa med flyt. Klasselesekurs	4. trinn: Måling	Eg kan lesa med flyt og forståing.	Eg tenkjer før eg snakkar: Sokrates sitt trippelfilter.
	3. trinn: Koordinatsystemet		

### Sokrates sitt trippelfilter:

I antikkens Hellas var Sokrates kjend for å setje kunnskap høgt. Ein dag møtte ein kjenning den store filosofen og sa:

«Veit du kva eg nettopp høyrde om venen din?»

«Vent litt», svarta Sokrates. «Før du fortel meg noko, vil eg at du let det gå gjennom ein liten test. Han blir kalla trippel-filter-testen.»

«Trippel-filter?»

«Det stemmer», heldt Sokrates fram. «Før du fortel meg noko om venen min, kan det vere lurt å bruke eit augeblink på å filtrere det du skal seie. Det er difor eg kallar det trippel-filter-testen. Det første filteret er sanning. Har du forsikra deg om at det du vil fortelje meg, er sant?»

«Nei», sa mannen, «eg har eigentleg berre høyrte det.»

«Greitt», sa Sokrates. «Då veit du eigentleg ikkje om det er sant eller ikkje. Lat oss no prøve det andre filteret, filteret for godleik. Er det du er i ferd med å fortelje meg om venen min noko godt?»

«Nei, tvert imot ...»

«Så», heldt Sokrates fram, «du vil fortelje meg noko dårleg om han, og du er ikkje sikker på om det er sant. Du kan framleis bestå prøva, for det er eitt filter att: nyttefilteret. Er det du vil fortelje meg om venen min, til nokon nytte for meg?»

«Nei, eigentleg ikkje ...»

«Vel», konkluderte Sokrates, «dersom det du vil fortelje meg verken er sant, godt eller nyttig, kvifor fortelje meg det i det heile teke?»